



INNSKRIVING AV NYE ELEVAR I GRUNNSKULEN FRÅ HAUSTEN 2016

I 2-1 i "Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa" står det mellom anna: "Grunnskoleopplæringa skal til vanleg ta til det kalenderåret barnet fyller 6 år." Alle barn som fyller 6 år i 2016, vil få skriftleg melding om tid og stad for innskriving. Barn/ foreldre som har flytta til kommunen eller inne i kommunen siste halvår 2015, må ta kontakt med næraste skule for å sjekka om dei er registrert i skulen sitt elevgrunnlag.

Alternativ skulestart:

Foreldre/føresette har høve til å søkja om utsett skulestart, og det er også høve til å søkja skulestart for barn som fyller 5 år før 1. april 2016. Søknad skal sendast til skulen. Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) gjev ei vurdering av barnet og gjev råd til rådmannen som tek avgjerd.

Om nærskuleprinsippet:

Elevar i grunnskulen har rett til å gå på nærskulen. Dette følgjer av opplæringslova § 8-1 første ledd første punkt, der det står at "elevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet somdei soknar til". Lindås kommune har vedtekne kringsgrenser som skildrar kva opptaksområde kvar skule har. For nokre innbyggjarar er skulen dei soknar til, ikkje den næraste skulen. Desse kan om dei ynskjer det, søkje om opptak ved nærskulen, og vil etter nærskuleprinsippet ha rett til plass der så lenge det er kapasitet.

Innskriving 2016

For elevar som skal ta til på 1.årssteget i grunnskulen i Lindås kommune hausten 2016, er det innskriving på skulane i veke 5 og 6. Dersom det er føresette av born som fyller 6 år inneverande år som ikkje har mottatt informasjon om innskriving, ber ein om at dei tek kontakt med rektor ved nærskulen. Informasjon om dei ulike skulane finn de her: <http://www.lindas.kommune.no>

Er det elles spørsmål i samband med innskrivinga og kva krins elevane høyrer til, kan de ta kontakt med skulen eller med einingsleiar Ragna Midtbø, tf. 56375249

